


Kultur- og kyrkjedepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo



Norsk visearkiv  
Tollbugt. 28 0157 OSLO

## UTSEGN OM DOKUMENTASJON OG FORMIDLING AV NORSK POP- OG ROCKHISTORIE

Vi syner til departementets brev av 8. april i år der dei ber om utsegner til ABM-utviklings utgreiing om dokumentasjon og formidling av norsk pop- og rockhistorie.

Norsk visearkiv (NV) ser positivt på framlegget om ein arkiv- og dokumentasjonsinstitusjon også for denne sjangeren og ser fram til eit samarbeid både musikkfagleg og arkivfagleg.

NV vil ha ein god del overlapping med eit pop- rockarkiv både musikkfagleg og materialmessig. Samlingane våre inneheld mykje material som like godt kunne vore i eit pop-rockarkiv, og katalogane våre omfattar mykje populærmusikk. Vi meiner likevel at det er viktigare å supplere kvarandre og samarbeide i desse grenseområda enn å forsøke å dra skarpe grenseliner i eit material der sjangrane glir over i kvarandre. Dette krev både eit formelt og eit uformelt samarbeid og NV vil difor sterkt tilrå at eit pop- rockarkiv vert samlokalisert med dei andre musikk institusjonane på Solli plass i Oslo.

Vi vil også peike på kor viktig det er at eit arkiv og dokumentasjonssenter for pop- og rock får tilstrekkelege ressursar slik at den faglege kompetansen vert sikra. Ein føresetnad for eit effektivt samarbeid er også at heile arkivmiljøet på Solli plass blir tilført ressursar som gjer det mogleg å nå dei måla som er skissert. Eit konkret døme er katalogsamarbeid. NV vil ha svært stor nytte av eit katalogsamarbeid med eit pop- rockarkiv, men skal det realiserast må vår gamle dBase-katalog oppdaterast både teknisk og katalogfagleg. I denne samanhengen syner vi til den evalueringa av arkiv- og dokumentasjonssentra som Kulturrådet nyleg gjorde offentleg.

NV har ikkje synspunkt på plasseringa av eit museum/opplevingscenter, men vi vil naturlegvis låne ut material frå våre samlingar til spesialutstillingar om det skulle vere ønskjeleg.

Med beste helsing



Velle Espeland

Dagleg leiar